

## Kafebesøk med Kongesang

21.02.2012



Kongesangen blir sunge ståande i Gamleskulen

**Kongesangen vart sunge mange stader på HM Kong Haralds 75-årsdag og ein av stadane var Cafe Tlaren i Gamleskulen, Kultursjef Kristian Olav Bringedal leia songen med pianospel og songen vart sjølvstundt sunge ståande og det var Hoems oversetjing som vart vald. Songen innleia ein allsongbolk som blir eit innslag i ein reportasje i Norge Rundt ein fredagskveld om ikkje lenge. Det blir også ein radioversjon - på kulturkanalen,**



Laga Norge Rundt-innslag: Rebekka Nedregotten Strand og Kjetil Rydland

Eit team frå NRK Hordaland med Rebekka Nedregotten Strand som reporter og Kjetil Rydland som fotograf og redigerer laga eit 3 minutters innslag om uskedalen.no og jobben til redaktør Ola Matti Mathisen. Dei var med han ein vanleg arbeidsdag. Fleire uskedelingar vart intervjuet og mellom dei var Bente Nilsen, Kristian Olav Bringedal, Jan Erik Olsson og Marit Hjønnvåg.

Folk tok omsyn til den utsendte appellen om godt besøk og 46 vaksne og 9 born var innom Gamleskolen denne tysdagen.



Janne Olsson og Johanna Yri vert intervju av NRK